



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Komite for Helse og omsorg
<b>Stad:</b>	Herøy helsesenter, Møterom
<b>Dato:</b>	11.02.2016
<b>Tid:</b>	16:00 – 19:15

---

### Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Knut Tandberg	Medlem	H
Linn-Therese Hansen Sævik	Nestleder	KRF
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Kaja Runde	Medlem	FOLK

---

**Andre:** Barn-, familie- og helseleiar Inger Marie Tofthagen

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:  
Linn Therese Sævik og Knut Tandberg.

Gerd Kopperstad fekk permisjon kl. 18:00 og Linn Therese Sævik fekk permisjon kl. 18:30.

### Orientering:

Barn-, familie- og helseleiar Inger Marie Tofthagen orienterte om:

Barn-, familie- og helseavdelinga sitt ansvar og arbeid med det nye einsleg mindreårige mottaket i Fosnavåg som er under oppstarting.

Uoff. Sak Utfordringar med omsyn til transport til og frå legekontora i Herøy kommune.  
Komiteen ba om at det vart utforma eit svarbrev på brevet frå Helse Midt-Norge RHF. Brevet utarbeidast i samarbeid med leiaren for komiteen.

Årsrapport frå pasient og brukarombodet

---

underskrifter

Linn Therese Sævik

Bjørn Otterlei

Knut Tandberg

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Protokoll frå førre møte
PS 3/16	Referatsaker
PS 4/16	Strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2015/2017
PS 5/16	Tertialrapportering pr 01.01.2016.

## **Referatsaker**

- RS 1/16 Pasient- og brukerombudets årsmelding 2015.
- RS 2/16 U.off. § 13 - utfordringar med omsyn til transport til og frå legekontora i Herøy kommune

## **PS 1/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 2/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 3/16 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 4/16 STRATEGISK REKRUTTERINGSPLAN FASTLEGAR 2015/2017**

### **Møtebehandling:**

Barn-, familie- og helseleiar orienterte om saka.  
Utskrift av handsaminga i Samarbeidsutvalet for fastlegane vart delt ut og fylgjer saka vidare.

### **Tilråding i Komite for helse og omsorg - 11.02.2016**

1. Kommunestyret vedtek den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016-2018 med fylgjande endringar:

#### **Pkt 4.1 Behalde**

**Kulepunkt 3** .endrast til: Enda større mogleigheit for fagleg utvikling, dette kombinert med særskilte tilskuddsordningar som til dømes fagdager med økonomisk kompensasjon og støtteordningar for kursdeltaking ved vidareutdannig og spesialisering

#### **Kulepunkt 5. endrast til:**

Sikre tiltak for meir effektiv drift av legekontora ved:  
Optimal utvikling av moderne teknologi  
Optimal fordeling av oppgåver mellom ulike fagpersonar

**Pkt 4.2. Rekruttere.**

**Kule punkt 1** . Går ut

**Kulepunkt 3** Går ut

**Kulepunkt 6** . endrast til: Sette krav om at legar ved tilsetting må vere eller starte på ei spesialisering som almenlege.

**Pkt 5 Kostnad**

Går ut.

2. Tiltak for å behalde fastlegar skal prioriterast først.
3. Det vert forhandla med fastlegane med sikte på å kome fram til ei lik avtale ved dei to legekontora.

**PS 5/16 TERTIALRAPPORTERING PR 01.01.2016.**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 11.02.2016**

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

**MØTET SLUTT!**

